

PROTOKOLL FRÅ IDRETTSKRETSSTYREMØTE 05/25

Styremøtet 05/25 blei gjennomført tirsdag 29. April på teams. Møtet starta kl 20:00 og vart avslutta 22.00.

Namn	Tilstades	Forfall	Merknad
Nils R. Sandal, styreleiar	x		
Tone Stavland, nestleiar	x		
Jan-Erik Weinbach, styremedlem	x		
Anne-Grethe Naustdal, styremedlem	x		
Jeanette Heggen, styremedlem	x		
Heidi Hatlen, styremedlem	x		
Magnus H. Hartwig, styremedlem	x		
Natalia Golis, varamedlem		x	
Lasse Lerum, varamedlem		x	
Randi Marie Farnes, organisasjonssjef	x		
Helene Fraas, rådgiver inkludering	x		Var med til og med sak 25/25

Sakliste:

- Sak 23/25: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
- Sak 24/25: Godkjenning av protokoll frå styremøte 04/25
- Sak 25/25: Tildeling tilskot til lågterskel fysisk aktivitet
- Sak 26/25: Tildeling tilskot til skianlegg for langrenn og turlangrenn
- Sak 27/25: Høyringsinnspel evaluering av Post 1 midlar til idrettskretsane
- Sak 28/25: Idrettstinget 2025
- Sak 29/25: Årsrapport Vestland idrettskrets 2024
- Sak 30/25: Orienteringssaker, referatsaker, skriv og meldingar

Sak 23/25: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Vedtak: **Møteinnkalling og sakliste godkjent**

Sak 24/25: Godkjenning av protokoll fra styremøte 04/25

Saksunderlag: Utkast til protokoll fra styremøte 04/25

Vedtak: Protokollen frå styremøte 04/25 godkjent

Sak 25/25: Tildeling midlar lågterskel fysisk aktivitet

Saksunderlag: Tilråding Lågterskel fysisk aktivitet

Kommentarar:

Vestland fylkeskommune ba Vestland idrettskrets om å koordinere støtteordninga på vegne av idrettsorganisasjonen, der VIK fekk ei tildeling på kr. 750 000 for året 2025. På grunn av at vi søkte og fekk tildelt midlar i same ordninga hausten 2024, valde vi å føre dei over til 2025 og inn i denne utlysinga. Det gjorde at vi hadde ei total ramme for tildeling på kr. 950 000,- Ordninga var søknadsbasert og fordelt på 4 ulike kategoriar.

Vedtak: Styret støttar administrasjonen sitt forslag til tildeling av midlar til lågterskel fysisk aktivitet for barn, unge, unge vaksne og eldre. Totalsummen på 943 700 kroner kan utbetalast av administrasjonen i tråd med innstillinga.

Sak 26/25: Tildeling tilskot til skianlegg for langrenn og turlangrenn

Saksunderlag: Tilråing tilskot til skianlegg for langrenn og turlangrenn

I 2025 har Vestland idrettskrets som ein pilot overtatt forvaltningsansvaret for tilskotsordninga for skianlegg for langrenn og turlangrenn på kr. 500.000,- frå Vestland fylkeskommune.

Løypekøyning i skianlegg har stor samfunnsmessig betydning. Det kan vere utfordrande for slike anlegg å sikre finansiering av kostnadane. Tilskotet skal

stimulere til relativt hyppig løypekøyring i anlegg som fyller regional funksjon som utfartsåre for langrenn og turlangrenn. I tillegg må anlegget ha kapasitet til å gjennomføre regionale konkurransar. Ordninga er søknadsbasert.

Det er lagt vekt på desse kriteria i tildelinga:

- Geografisk spreing som utfartsåre for langrenn og turlangrenn
- Regionale og større meisterskap siste 3 åra, samt framtidige fastsette meisterskap
- Midlane skal nyttast til drift og/eller til innkjøp av driftsutstyr
- Eigen kommune må gå inn med tilsvarande driftsstøtte eller meir
- Anlegg som mottok fylkeskommunal driftsstøtte, til løypekøyring for undervisning på vidaregåande nivå, vert ikkje prioritert

Kven kan søkje?

Skianlegg eigd av idrettslag, stiftingar og/eller kommunar i Vestland fylke kan sende inn søknad til sine anlegg på elektronisk søknadsskjema.

Søknadsfrist var innan utløpet av 30. mars 2025. Det kom inn 15 søknader.

Tildeling

Vestland idrettskrets har fått fagleg bistand frå skikretsane med vurdering av søknadane.

Saksopplysning:

Det vart halde webinar for søkjarar i forkant av utlysninga av ordninga.

Vedtak:

Styret støttar administrasjonen sitt forslag til tildeling av midlar til skianlegg for langrenn og turlangrenn. Totalsum: kr. 500.000,- kan utbetalast av administrasjonen.

Sak 27/25: Høyringsinnspel evaluering av Post 1 midlar til idrettskretsane

Saksunderlag: Høyring evaluering av post 1 til IK
Beskrivelse av Post 1 – fordeling til idrettskretsene
Idrettskretsen sine kjerneleveranser 2025
Foreløpig utkast svarskjema høyring Vestland idrettskrets

Kommentarar:

Frå NIF: Norges idrettsforbund mottar spillemidler fra Kultur- og likestillingsdepartementet (KUD). En andel av disse midlene fordeles som tilskudd til idrettskretsene, basert på en rekke kriterier, med formål å understøtte idrettskretsenes arbeid med å

levere kjerneleveranser til idrettslagene og idrettsrådene. NIF evaluerer med jevne mellomrom alle forvaltningsordninger, og skal i 2025 evaluere post 1 – fordeling til idrettskretsene.

Administrasjonen har laga eit utkast til høyringsinnspel basert på diskusjonar og matematiske analysar av dagens fordeling. Styret diskuterte denne og kom med følgande innspel.

- Antal idrettsråd og idrettslag skaper fleire oppgåver.
- Kvifor ikkje bruke kretsane meir.
- Basistildeling i forhold til aktivitet. Ikkje drive ein organisasjon i ein historisk kontekst.
- Implementere endringar gradvis - lage ein langtidsplan på det.
- Jobbe for å skape robuste organisasjonar. Kan ikkje vere fordel å vere små.
- Viktig å finne allierte
- Ikkje dårlegare enn i dag
- Prinsipiell inngang - vise gjennom simuleringar, slik at det vert tydelegare.

Vedtak: **Styreleiar og organisasjonssjef får fullmakt til å ferdigstille vårt innspel i tråd med dei kommentarane som kom i styremøtet og leverer dette innan høyringsfristen 12. mai**

Sak 28/25: **Idrettstinget 2025**

Kretsstyret: 29.04.25

Saksbehandlar: Randi Marie Farnes

Saksunderlag: [Idrettstinget 2025](#)

Saksbehandlars
kommentarar: Idrettstinget vert gjennomført 23-25. mai på Scandic Holmenkollen i Oslo. Vestland idrettskrets stiller med 8 delegatar. Styret gjekk gjennom sakene som ein del av førebuinga til Idrettstinget. Arbeidet held fram på eit delegasjonsmøte den 15. Mai. Der inviterar vi kandidaten til 2. visepresidentvervet til å komme å presentere seg sjølv.

Vedtak: **Diskusjonssak.**

Sak 29/25: Årsrapport Vestland idrettskrets 2024

Saksunderlag: Årsrapport Vestland idrettskrets 2024

Kommentarar: Årsrapporten til Vestland idrettskrets er ferdig utarbeida og vi ynskjer innspel frå styret på eventuelle endringar eller manglar.

Ein god årsrapport som må delast. Tydeliggjere kvifor rapporten brukar 2023 tal, og ikkje 2024 tal (samordna rapportering).
Rette undertekst til bilete på side 6.

Vedtak: **Styret godkjenner årsrapport for 2024 med kommentarar til endringar som kom i møtet.**

Sak 30/25: Orienteringssaker, referatsaker, skriv og meldingar

- Orienteringssaker, skriv og meldingar:
 - Kort status drift
 - Økonomi
 - Plan for politisk arbeid fram mot stortingsvalet 2025
 - Representasjon frå styret på Idrettsråd årsmøte
 - Referat IKSU møte 18.03.25
 - HMS
- Deltakingar/representasjon idrettspolitiske arena
 - 27.03.25. Idrettspolitisk møte i Kvam. Nils R. Sandal og Anne-Kristine Aas deltok.
 - Fylkesseminar om Antidoping i Bergen 03.04.25. Randi Marie Farnes deltok
 - Mottakelse Swim Bergen 03.04.25. Randi Marie Farnes og Nils R. Sandal deltok
 - Møte Skulebyråd Christian Christian Haugen omkring AktiVane 09.04.25. Randi Marie Farnes og Grethe Hillestad deltok.
 - IKSU møte 24.04.25. Nils R. Sandal, Tone Stavland, Anne-Grethe Naustdal, Randi Marie Farnes og Heidi Hatlen deltok

Deltaking årsmøte idrettsråd:

- Stryn IR 02. Mars. Nils R. Sandal deltok
- Tysnes IR 12. Mars. Anne Kristine Aas deltok.
- Austrheim IR 13. Mars. Anne Kristine Aas deltok.
- Sunnfjord IR 28. April. Nils R. Sandal deltok
- Stad IR 28. April. Ronny Lockert deltok digitalt.

Randi Marie Berntsen Farnes
Organisasjonssjef